

Årsmelding 2005



Innhold

Om NOKUT	side	3
Ord fra styreleiar	side	4
Ord fra direktør	side	6
Styret	side	8
Organisasjonen og tilsette i NOKUT	side	9
Klagenemnd	side	9
Rekneskap	side	10
Nøkkeltal	side	11
Tilsette	side	11
Arbeidsområde for NOKUT i 2005	side	12
Evaluering av kvalitetssikringssystemet til institusjonane	side	13
Akkreditering av studietilbod og institusjonar	side	14
Evaluering for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning i Noreg	side	15
Godkjenning av utanlandsk utdanning	side	16
Godkjenning av fagskoleutdanning	side	18
Ekstern informasjon	side	19
NOKUT i internasjonalt samarbeid	side	20
Temaartiklar	side	22
Kandidatundersøking	side	23
Etablering av ein felles kvalitetsstandard i fagskolesektoren	side	24
Ein grad er ein grad ein grad?!	side	25
Systemevalueringar i institusjonane: midtvegs – og alt vel?	side	26

Visjon

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt, internasjonalt nivå. Organet skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk utdanning.





Om NOKUT

Dette er oppgåvene til NOKUT:

- ◆ evaluering av system for kvalitetssikring ved universitet og høgsolar
- ◆ akkreditering av universitet og høgsolar
- ◆ akkreditering av studier
- ◆ revidering av akkreditering som allereie er gitt
- ◆ godkjenning av fagskoleutdanning
- ◆ evaluering for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning
- ◆ godkjenning av utdanning teke i utlandet
- ◆ informasjon om norsk utdanning til utlandet
- ◆ informasjon om NOKUT sine oppgåver og vedtak

NOKUT skal i arbeidetsitt vere uavhengig av institusjonane og av Kunnskapsdepartementet. Det betyr at NOKUT skal basere arbeidet sitt på lover, forskrifter og fastlagde retningsliner, og gjere vedtaka sine med grunnlag i desse. Departementet kan ikkje gi pålegg til NOKUT utover det som er heimla i lov eller fastsett i forskrift. Departementet kan heller ikkje gjere om vedtak som NOKUT har gjort om godkjenning eller akkreditering.

Til nytte for institusjonane



Det er ei målsetting for NOKUT å vere til nytte for sektoren. Dette er også nedfelt i lov om universitet og høgskoler og i lov om fagskoleutdanning. Korleis kan NOKUT realisera denne målsettinga, og kva inneber det?

Sidan NOKUT si verksemd starta opp 1. januar 2003, er det satt i verk arbeid innan alle dei områda som er omtala i lov om universitet og høgskoler og i lov om fagskoleutdanning. Likevel er det riktig å seie at NOKUT også i 2005 var ein ung institusjon med trong til å vidareutvikle arbeidsforma si innanfor dei ulike oppgåveområda. Denne utviklinga må blant anna bygge på røynsler frå gjennomførte prosessar. Løpande vurdering og systematisk læring står sentralt i NOKUT. I budsjettet er det difor opna for etablering av ei lita gruppe for utvikling og analyse. Grappa er under etablering. Ho vil medverka til gode analysar av det arbeidet som vert utført, og bringe informasjon om røynslene tilbake til sektoren. Grappa vil gje eit viktig bidrag til å vidareutvikla verksemda og auka nytteverdien for sektoren og institusjonane.

NOKUT skal utforme akkrediterings- og evalueringsverksemda si slik at institusjonane kan dra nytte av ho i kvalitetssikrings- og utviklingsarbeidet. Samstundes er det NOKUT si oppgåve å vera eit faglig uavhengig organ som gjennom akkreditering og evaluering skal kontrollere kvaliteten ved norske insti-

tusjonar som tilbyr høgre utdanning. Av dette kan ein sjå ei mogleg motsetjing, nemleg at NOKUT både skal vera kontrollør og rettleiar og "konsulent". Dette er ein kombinasjon av oppgåver det vert lagt stor vekt på å få til, men som krev at ein er vaken, merksam og klok. For alle partar er det naudsynt at akkrediteringar og evalueringar vert gjennomførde profesjonelt med fokus på kontrollaspektet. NOKUT gjev gjennom denne verksemda eit "kvalitetsstempel". Samstundes skal kontrollen og rapportane som følgjer, medverka til at kvaliteten på utdanninga ved institusjonane får ei positiv utvikling. Det går fram av dei rapportane styret får til handsaming, og frå dei tilbakemeldingane og kommentarane som institusjonane gjev, at det vert oppfatta som lærerikt og nyttig å ha vore gjennom ei akkreditering eller evaluering. Svært ofte er dei skriftlege tilbakemeldingane frå institusjonane svært positive. Dette indikerer at det i dei fleste av desse prosessane har vore ein stor grad av forståing mellom dei eksterne sakkunnige og den aktuelle institusjonen, og at prosessen har vore til nytte for institusjonen. Slikt positivt samspel i sjølve prosessen er som oftast til stade sjølv om hovudkonklusjonen er negativ for institusjonen. Særleg i dei tilfella der samspelet mellom komité og institusjon ikkje har fungert godt, er det viktig å analysere arbeidsforma for å kunne betra kvaliteten på arbeidet.

Det er avgjerande at alle kjenner, forstår og er samde i dei kriteria som akkrediteringar og evalueringar skal gjennomførast etter. Dei skal etter departementet si forskrift også vera fastsette i samråd med sektoren. Kriteria må ikkje vera for detaljerte. For detaljerte kriterium vil føra til at arbeidet vert meir "automatisk" avkryssing, og at klokt skjøn og faglege vurderingar vert for lite vektlagt. Det trur vi er uheldig. Institusjonane sin autonomi og sjølvstendige utvikling krev at dei kan utvikla "eigenarten" sin på ein innovativ og spanande måte. Dette vil skape mangfald i sektoren. For detaljerte kriterium vil gjera ei slik utvikling vanskeligare og mindre framtidsretta. Dei gjeldande kriteria vart reviderte i 2005 etter ein omfattande høringsrunde i sektoren. Dei kriteria som var nytta tidlegare, og dei reviderte som vart vedtekte av styret i januar 2006, er utvikla i samråd med sektoren. Det tyder ikkje at alle institusjonane vil vera like komfortable med alle kriteria til ei kvar tid. Vi er likevel trygge på at dei gjeldande kriteria er tilrekkeleg runde i formuleringane, samstundes som dei er tilrekkeleg presise der dei må vera det.

For at NOKUT skal vera til nytte for institusjonane, må vi kjenne sektoren og institusjonane godt. Det er god kjennskap til sektoren både i administrasjonen og i styret, men denne innsikta må oppdaterast og utviklast kon-

tinuerleg. Gjennom akkrediteringar og evalueringar som vert gjennomførte, og gjennom rapportane som vert skrivne, lærer NOKUT mykje om enkeltinstitusjonar. Dette gjev ei innsikt berre ein organisasjon som NOKUT kan få. I tillegg besøker styret, saman med sentrale saksbehandlarar i administrasjonen, ei rekkje institusjonar i samband med nokre av styremøta. Omtrent halvparten av styremøta vert haldne ved institusjonar. Slike besøk vurderer vi som særskild verdifulle for gjensidig informasjon og nytte.

Dei røynslene og den kvalitetsfaglege innsikta NOKUT opparbeider seg gjennom verksemda si, er unik. Ingen andre organ i Noreg har denne typen kompetanse og innsikt. Målsettinga er å formidla dette tilbake til sektoren. Organisering av møteplassar for formidling til og frå sektoren og for open drøfting, og gjerne debatt, vert ei viktig oppgåve. Forma på denne formidlinga er ikkje ferdig drøfta, men den årlege NOKUT-konferansen er eitt tiltak som det er grunn til å føre vidare. Andre former for møteplassar, helst med ei meir avgrensa problemstilling på dagsorden, vil verta etablert.

Arbeid til nytte for sektoren skal òg utviklast gjennom god kontakt med Universitets- og høgskolerådet og Nettverk for private høyskoler. Slik kontakt er oppretta og det vert halde møte der partane informerer kvarandre.

Ei viktig målsetting for NOKUT er å medverka til kontinuerleg kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av høgre utdanning og fagskoleutdanning i Noreg. Institusjonane og NOKUT har same mål, men vi har ulikt ansvar og ulike roller. Det er viktig å utføre oppgåvene på ein måte som er til gagn for sektoren, og å sikra at dei internasjonale "standardane" som vert utvikla er i samsvar med den norske kvaliteten. Vi ønskjer å vera til nytte for institusjonane og vidareutvikla kriteria i samråd med sektoren, samstundes som vi tydeleg, og uavhengig av sektoren, skal fylla rollen som kontrollør. Med stor merksemd retta mot at balansen mellom rolla som kontrollør og "konsulent" kan vera utfordrande, vil vi medverka best mogeleg i den pågåande nasjonale kvalitetsutviklinga i utdanninga.

Roger K. Abrahamsen

Roger K. Abrahamsen
styreleiar

Glimt frå verksemda i 2005



I 2005 har NOKUT hatt full verksemd innanfor alle oppgåveområda, med evaluering av institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanninga, akkreditering av institusjonar og studier, revidering av tidlegare gitt akkreditering, evaluering for å vurdere kvalitet i utdanninga, godkjenning av utanlandsk utdanning og godkjenning av fagskoleutdanning.

Sjølvs med ein auke på fire nye stillingar i 2005 innanfor evaluering, revidering av akkreditering og godkjenning av utanlandsk utdanning har ikkje søknadskøane blitt borte.

I siste halvdel av 2005 kravde utarbeiding av nye kriterium for evaluering av kvalitetssikringssystem og ny forskrift for utfyllande kriterium for akkreditering av institusjonar og standardar og kriterium for akkreditering av studium stor innsats. Etter ein høyringsperiode med 35 innkomne høyringsfråsegner kunne styret gjere vedtak om dei nye standardane og kriteria på møte 25. januar 2006. Med det hadde NOKUT fått eit nytt grunnlag for arbeidet med ny lov om universitet og høgskolar gjeldande frå 01.08.2005, som omfattar både statlege og private institusjonar, ny forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning fastsett av Kunnskapsdepartementet 8. september 2005 og NOKUT si forskrift om standardar og kriterium for akkredite-

ring av 25.01.2006, og NOKUT sine kriterium for evaluering av kvalitetssikringssystem av same dato.

Alle norske institusjonar for høgre utdanning skal no ha eit godkjent kvalitetssikringssystem. Dette gjeld også for private høgskolar som berre har akkreditering for enkeltstudium. I 2005 blei det gjennomført 14 evalueringar av kvalitetssikringssystem. Alle 14 evalueringane i 2005 blei godkjende. Ved utgangen av 2005 er det til saman gjort vedtak om kvalitetssikringssystem ved 25 institusjonar, 22 av desse var positive og tre fekk negativt vedtak i første omgang. Etter andre gongs evaluering fekk også desse tre godkjent systema. Det nordiske nettverket av kvalitetssikringsorgan, NOQA, gjennomførte i 2005 ei evaluering av kvalitetssikringsarbeidet ved ein institusjon frå kvart av dei nordiske landa med unntak av Island. Evalueringa blei gjort av ein internasjonal sakkunnig komité. Som norsk representant deltok Universitetet for miljø- og biovitenskap, som fekk god omtale for kvalitetsarbeidet.

Talet på søknader om institusjonsakkreditering har halde seg stabil i 2005. Det blei gjort vedtak om to institusjonsakkrediteringar, både for private høgskolar, ein med positivt resultat og ein negativ. Sidan 2003 har fire institusjonar fått akkreditering i dei institusjonskategoriane dei ønska. To private høgskolar, Det teologiske menighetsfakultet og Diakonhjemmet Høgskole har fått akkreditering som høvesvis vitenskapleg høgskole og høgskole. To statlege institusjonar, Noregs landbrukshøgskole og Høgskolen i Stavanger, har både fått akkreditering som universitet. Det er venta at talet på søknader om institusjonsakkreditering vil bli noko høgare i 2006.

Talet på søknader om akkreditering av studium har gått attende i 2005, frå til saman 117 i 2004 til 102 i 2005 (14 %). Reduksjonen var størst for søknader om akkreditering av bachelorgradsstudium (33 %), og for mastergradsstudium var nedgangen på 15 %. Talet på søknader om å etablere doktorgradsutdanning var uendra med ni søknader. Det er uvisst kva årsakene til nedgangen i det samla søknadstalet kan vere. Ei mogleg forklaring kan vere at det hadde samla seg opp søkna-

der før NOKUT starta opp i 2003, noko som resulterte i mange søknader i 2004, ein verknad som ikkje lenger er til stades. Når fleire institusjonar blir akkrediterte og får utvida fullmakter til å akkreditere nye studium sjølve, kan ein vente at talet på søknader om akkreditering til NOKUT vil gå ned. Men det er neppe truleg at dette har hatt nokon innverknad på søknadstalet alt no. Av dei 35 søknadane om mastergradsutdanning som blei ferdigbehandla i 2005, fekk 28 (80 %) akkreditering. Tilsvarende prosent for kortare studium (1/2–2 år) og bachelorgradsstudium var 41 % og 50 %. Av dei seks søknadene om doktorgradsutdanning som blei sluttbehandla i 2005, fekk tre positivt resultat og tre negativt.

NOKUT starta evaluering av allmennlærerutdanningar ved 20 statlege og private institusjonar i oktober 2004 etter ønske frå departementet. Evalueringa vil bli avslutta hausten 2006. Det er ei omfattande evaluering med i alt ni hovudtema og 19 involverte sakkunnige.

For første gang har NOKUT i 2005 teke i bruk revidering av akkrediterte studium som eit tiltak for å sikre og utvikle utdanningskvaliteten. Revideringa omfatta i alt 33 studium i sjukepleie, 31 på bachelornivå, og to på masternivå. Krava ved revidering er dei same som ved førstegongsakkreditering med tillegg av kriteria "fagleg nivå" og "dokumenterte resultat". Den sakkunnige vurderinga blei gjort av sju komitear med til saman 28 medlemmer. Både mastergradsstudia tilfredsstilte krava til akkreditering, medan berre eitt av 31 bachelorgradsstudium gjorde det same. Dei som ikkje fylte alle krava til akkreditering, fekk frå eitt til to år på å rette opp manglane, avhengig av kva for manglar det var. Resultatet av revideringa har starta ein viktig debatt særleg om profesjonsutdanningar og kompetansekrav til lærarpersonalet.

Talet på søknader om generell godkjenning av høgre utdanning frå utlandet aukar framleis sterkt. I 2005 blei det registrert i alt 2452 søknader, ein auke på 35 % frå året før. Auken i talet på ferdigbehandla søknader var heile 32 %. Dette heng saman med ei kapasitetsauke på to nye stillingar frå hausten 2005. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid

for saker som blei avslutta i 2005, er redusert til 3,5 månader, ein måned kortare enn i 2004. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for saker som blei starta opp og avslutta i 2005, er no på 2,9 månader. Dette er eit steg i rett lei mot målet om ei saksbehandlingstid ned mot to månader. Men målet er svært krevjande sidan talet på søknader på same tid aukar sterkt.

Talet på søknadar om godkjenning av fagskoleutdanning har også auka sterkt frå 2004. I 2005 registrerte NOKUT heile 219 søknader. Vel halvparten av søknadene kom i dei siste to månadene av året. I alt 30 søknader blei sluttbehandla i 2005, 14 med godkjenning og 16 med avslag, hovudsakleg på grunn av manglande dokumentasjon. Det store søknadstalet er ei stor utfordring for NOKUT. For 2006 er saksbehandlingskapasiteten auka med to heile årsverk, som saman med fleire effektiviseringstiltak ved sakkunnig vurdering av søknadene vil betre situasjonen i 2006 vesentleg.

Det er ei prioritert oppgåve for NOKUT å formidle resultatane frå verksemda til aktuelle målgrupper og til samfunnet generelt. Til no har denne sysselen vore konsentrert om publisering på heimesida til NOKUT, pressemeldingar, nyheitsbrev, foredrag og innlegg på seminar og konferansar. I 2006 vil det bli oppretta ei eining i NOKUT med tre personar som skal ha i oppgåve å vurdere og analysere verksemda til NOKUT og formidle dette til eksterne og interne interessentar.

I 2004 etablerte NOKUT eit internt system for kvalitetssikring av verksemda. Den første evalueringa av bruken av systemet blei utført i 2005 med oppfølging av tiltak for å betre kvaliteten. Den interne evalueringa, som er basert på rapporteringa frå einingane i NOKUT i 2005, ligg no føre og vil bli følgd opp med relevante tiltak. Eit velfungerande kvalitetssikringssystem er også eitt av krava for å bli akkreditert i høve til dei europeiske standardane og retningslinene for kvalitetssikringsorgan.

NOKUT er aktivt med i det internasjonale samarbeidet om kvalitetssikring av høgre utdanning og godkjenning av høgre utdanning frå andre land. Verksemda på det området er

konsentrert om nordiske og europeiske nettverk, organisasjonar og prosjekt for kvalitetssikring av høgre utdanning og godkjenning av utanlandsk utdanning. I tillegg har NOKUT to bilaterale prosjekt med kvalitetssikringsorgan i Spania og i Sør-Afrika. NOKUT følgjer også med på hovudtrekk av det som skjer utanfor Europa. I ein globalisert sektor er det nødvendig. Gjennom foredrag, seminarinnlegg, artiklar og diskusjonar på internasjonale konferansar og møte spreier tilsette i NOKUT informasjon om høgre utdanning i Noreg, om det norske systemet for kvalitetsarbeid og kvalitetssikring, og om godkjenning av utanlandsk utdanning. Den internasjonale verksemda er avgjerande for at NOKUT kan løyse dei nasjonale oppgåvene med ein kvalitet og effektivitet som ligg på høgt internasjonalt nivå. I alt har tilsette i NOKUT hatt nær 40 internasjonale presentasjonar av forskjellig slag i 2005.

Visjonen til NOKUT er å vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå, som medverkar til at samfunnet kan ha tiltrø til kvaliteten på høgre utdanning og fagskoleutdanning i Noreg og godkjent utanlandsk utdanning. Den tyngste børa for at samfunnet skal ha slik tiltrø er det institusjonane som ber. Men verksemda til NOKUT har også innverknad. Det er difor avgjerande for NOKUT å ha eit kontinuerleg kritisk blick på om utviklinga er i samsvar med visjonen og måla. NOKUT starta seinhaustes 2005 ei vurdering av korleis strategiplanen fungerer i praksis. Det interne arbeidet vil i dei to næraste åra bli støtta av to eksterne evalueringar av NOKUT som vil kunne kaste ljøs over oppgåvene, det metodiske grunnlaget og gjennomføringa av akkrediteringar, evalueringar og godkjenningar av institusjonar og studium. Den første evalueringa gjeld kvalitetsreformene i høgre utdanning. Den vart satt i gong av Utdannings- og forskingsdepartementet og har Noregs forskingsråd som ansvarleg part. Den andre evalueringa gjorde styret i NOKUT vedtak om i 2005, og den vil gå føre seg i 2007. Dette er ei evaluering av NOKUT i høve til dei europeiske standardane og retningslinene for kvalitetssikringsorgan som blei etablerte i samband med Bologna-møtet i Bergen i mai 2005. Kunnskapsdepartementet vil vere ansvarleg for gjennomføringa av den eksterne

prosessen og kan også supplere med evalueringskriterium av nasjonal interesse. Dersom NOKUT fyller dei europeiske standardane og retningslinene og blir eit akkreditert kvalitetssikringsorgan, vil det innebere godkjenning som eit kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå.

Alle evalueringar, akkrediteringar og godkjenningar med unntak av generell godkjenning av utanlandsk utdanning, skal gjerast av eksterne sakkunnige oppnemnt av NOKUT. Talet på sakkunnige som er nytta i 2005, er bortimot 400. For NOKUT er det heilt avgjerande at sakkunnige med relevant kompetanse også i tida framover er viljuge til å ta del i arbeidet.

2005 har vore eit godt arbeidsår for NOKUT. Medarbeidarane har utvikla høg kompetanse og god røynsle innanfor oppgåvene, og har utført arbeidet med høg kvalitet. Verksemda er i godt gjenge innanfor alle oppgåveområda, dialogen med institusjonane er open og prega av respekt for kvarandres oppgaver og arbeid. Det same gjeld tilhøvet til Kunnskapsdepartementet, som fullt ut har respektert NOKUTs sjølvstende. Auka ressursar i 2005 og 2006 har også gjort det mogleg å redusere saksbehandlingstidene på område der desse har vore uakseptable lange. Det er også hyggeleg å merke at NOKUT blir oppfatta som ein interessant samarbeidspartnar i internasjonal samanheng.

Oddvar Haugland
direktør

Styret

Medlem:


Professor Roger Abrahamsen, leiar	(til 31.12.2006)
Seniorforskar Ragnhild Kvålshaugen, nestleiar	(til 31.12.2008)
Professor Sigmund Grønmo	(til 01.08.2005)
Professor Petter Aaslestad (frå 01.10.2005)	(til 31.12.2008)
Direktør Per Arne Syrrist	(til 31.12.2008)
Prorektor Bente Kristensen	(til 31.12.2006)
Student Inger Marie Skinderhaug	(til 31.12.2006)
Lektor Berit Tetzschner	(til 31.12.2006)

Varamedlem:

Professor Jan Martin Berentsen	(til 31.12.2006)
Forskar Karl Erik Brofoss	(til 31.12.2006)
Student Maria Serafia Fjellstad (møter som fast observatør)	(til 31.12.2006)

I ny lov om universitet og høgskolar som gjeld frå 01.08.2005, vart styret utvida med eitt nytt medlem vald frå dei tilsette i NOKUT. Medlemmet som er vald av dei tilsette har stemmerett i saker som gjeld dei tilsette sine vilkår. Oppnemninga av rådgjevar Astrid Børsheim som nytt medlem frå dei tilsette med rådgjevar Wenche Froestad som vara vart gjort 04.01.2006 for perioden fram til 31.12.2008. I heile 2005 har rådgjevar Astrid Børsheim med vara rådgjevar Wenche Froestad vore fast observatør i styret.

Direktør Oddvar Haugland er sekretær for styret.



Organisasjonen og tilsette i NOKUT

NOKUT har organisert verksemda i tre seksjonar, med utgangspunkt i dei oppgåvene organet har:

- ◆ **Seksjon for kvalitetssystem** evaluerer kvalitetssystema på universitet og høgskolar ikkje sjeldnare enn kvart sjette år. Seksjonen deltar òg i evaluering av kvaliteten på undervisningstilbodet.
- ◆ **Seksjon for akkreditering** godkjenner og akkrediterer institusjonar og studier etter søknad. Seksjonen deltar òg i andre typar evaluering.
- ◆ **Seksjon for utanlandsk utdanning** gir generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Seksjonen har òg informasjonsoppgåver om norsk høgre utdanning og ansvar for oppfølging av nasjonale plikter om godkjenning av utdanning.

I tillegg kjem stabsfunksjonane, med administrasjon, informasjon, data-/statistikktenester og juridiske tenester.

NOKUT har eit internt nettverk for metode- og kompetanseutvikling (MKU) på tvers av seksjonane. MKU har eit spesielt ansvar for å utvikle og drive eit internt kvalitetssikrings-system i NOKUT, og har fått sentrale oppgåver med kontinuerleg kompetanseutvikling.

Klagenemnd

Utdannings- og forskningsdepartementet har utnemnt ei klagenemnd for perioden 2003–2006. Klagenemnda avgjer klager på vedtak som er fatta av NOKUT, men behandlar ikkje klager på vurderinga til dei sakkunnige. Klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- ◆ Helle Rolstad, Namdal tingrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Guri Bakken, Universitets- og høgskolerådet (medlem)
- ◆ Siri Margrethe Løksa, Norges landbrukshøgskole (varamedlem)
- ◆ Gunhild Hagesæther, Norsk Lærerakademi (medlem)
- ◆ Kjell Eliassen, Handelshøgskolen BI (varamedlem)
- ◆ Johannes Fjose Berg, Studentenes landsforbund (studentmedlem)
- ◆ Anette Wilberg, Norsk Studentunion (varamedlem)

Juridisk rådgivar i NOKUT, Eva Liljegren, er klagenemndas sekretær.

I 2005 har nemnda hatt eitt møte og handsama 14 saker. Alle sakene var knytt til generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Ingen av klagenemndas saker vart tatt til følgje.

Rekneskap

Tildelinga til NOKUT for 2005 var på 36 600 000 kroner. I tillegg til dette kjem følgjande:

- ◆ Overføring av mindreforbruk frå 2004: 1 847 000 kroner
- ◆ Lønsrefusjonar for Norgesnettrådet: 261 000 kroner
- ◆ Tildeling til evaluering av allmennlærerutdanninga: 1 000 000 kroner

I 2005 har NOKUT hatt ei inntektsside på til saman 1 395 000 kroner. Dette er ikkje ordinære inntekter, men utgiftsrefusjonar.

Driftsutgiftene til NOKUT i 2005 var 40 454 000 kroner. Justert for refusjonar var dei reelle utgiftene 39 060 000 kroner.

Tabellen under viser utgiftene og inntektene til NOKUT:

Rekneskap (tal i 1000 kroner)	2004	2005
Lønsutgifter	13 279	15 780
Styrehonorar	578	478
Utvalsmedlemmer og lønna konsulentar	2658	4452
Sluttvederlag Norgesnettrådet	383	229
Arbeidsgjevaravgift	2316	2836
SUM lønsutgifter	19 214	23 775
Teknisk utstyr, inventar m.m.	1042	723
Kontortenester (edb, forbruksmateriell, trykkeutgifter o.a.)	3028	3696
Reiser, kurs, kompetanseutvikling, representasjon	3060	5319
Bøker og fagtidsskrift	290	318
Diverse (konsulentar, seminar, kantine, bedriftshelseteneste)	2795	2034
Drift av lokale	4803	4589
SUM driftsutgifter	15 018	16 679
Motteken husleige	49	-
Mottekne tilskot	135	189
Mottekne konferanseavgifter	484	602
Diverse lønsrefusjonar	572	603
SUM tilskot, avgifter og refusjonar	1240	1394
Nettoutgift	32 992	39 060

I 2005 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gjeve eit mindreforbruk på 648 000 kroner. Årsaka til dette mindreforbruket er hovudsakeleg eit sakkunnig prosjekt som var budsjettert i 2005, men som er utsett til 2006 samt at NOKUT mot slutten av 2005 mottok eit tilskot frå EU som ikkje skal nyttast før i 2006.

Nøkkeltal

1. Evalueringar av kvalitetssikringssystem etter resultat i 2004

Godkjent	Underkjent	i alt
14	0	14

2. Akkrediteringar og godkjenningar etter akkrediteringstype og resultat i 2004

Akkrediteringstype	Godkjenning	Avslag	Administrativ vurdering*	I alt
Institusjon	1	1	2	4
Doktorgradsstudium	3	3	0	6
Mastergradsstudium	28	2	5	35
Andre studietilbud	14	4	14	32

* Administrativ vurdering omfattar både godkjenning av endringar i studium som allereie er godkjende, avvising av søknader og søknader som blir trekt tilbake.

3. Revideringar av akkrediterte studium

NOKUT gjennomførte i 2005 si første revidering som omfatta 33 studium i sjukepleie ved to universitet og 27 statlege og private høgskoler. I tillegg til mastergradsstudia i sjukepleievitenskap ved universiteta i Oslo og Bergen, tilfredsstilte også bachelorgradsstudiet i sjukepleie ved Diakonhjemmet høyskole krava til fornya akkreditering.

4. Evalueringar for å vurdere kvalitet

I oktober 2004 fekk NOKUT i oppdrag av departementet å setje i verk ei evaluering av allmennlærerutdanninga i Noreg. Evalueringa skal gje ei generell vurdering av utdanninga, og i tillegg vurdere alle enkeltprogram ved dei ulike institusjonane – i alt 20.

Evalueringa har i 2005 følgd prosjektplanen som er sett opp, med gjennomføring av eigenvurderingar, brukarundersøkingar, fagplanstudium og innsamling av datamateriale. Analysar av dette materialet utgjorde grunnlaget for ein midtvegsrapport som vart avlevert til midtvegs-konferanse i september 2005. Oppdraget skal vera sluttført til somaren 2006.

5. Vedtak om generell godkjenning av utdanning i utlandet etter utdanningsnivå

Godkjent som jamngod med høgskolekandidatgrad	Godkjent som jamngod med bachelorgrad	Godkjent som jamngod med mastergrad	Godkjent som jamngod med PhD	Studiepoeng utan grad	Vedtak totalt*
54	1264	197	5	348	2442

*inkl. saker som er avslått, lagt bort og vidaresendt

6. Godkjenning av fagskoleutdanning


Godkjent	Avslag eller avvist pga manglende dokumentasjon	i alt
14	16	30

Tilsette

1. Antal tilsette


Fast tilsette: 42
Årsverk: 44,6
Midl.tilsette: 4
Åremål: 1

2. Utdanningsnivået til dei tilsette




■ Høgre utdanning med høgre grad
■ Høgre utdanning med lågare grad
■ Anna relevant utdanning
■ Anna

3. Kjønnsfordeling i NOKUT



■ Kvinner
■ Menn

4. Kjønnsfordeling i leiinga til NOKUT



■ Kvinner
■ Menn

5. Drifts- og lønsutgifter

Netto driftsutgifter for NOKUT i 2005 var 39.060.000 kroner.

Av dette utgjorde løn 15.780.000 kroner (arbeidsgjevaravgift ikkje inkludert).

Arbetsområde for NOKUT 2005



Evaluering av kvalitetssikringssystemet til institusjonane

Kort om 2005

NOKUT evaluerte kvalitetssikringssystemet i 11 institusjonar i 2005, der ein av desse er ein privat høgskole som søker institusjonsakkreditering. Alle evalueringane førte til at det evaluerte systemet vart godkjent. I tillegg vart det gjennomført ny evaluering av tre institusjonar som ikkje fekk systemet sitt godkjent ved den første evalueringa i 2004, også desse med positivt resultat.

Ved utgangen av 2005 hadde NOKUT i alt evaluert kvalitetssikringssystemet i 30 institusjonar og var halvveges i den første syklusen som omfattar evalueringar av alle akkrediterte institusjonar. Syklusen skal vera avslutta i 2007 og har då teke fire år. Prosessen er i rute etter tidsplanen som er sett opp.

Blant dei institusjonane som vart evaluerte i 2005, var Høgskolen i Oslo og for første gong eit universitet: Universitetet i Tromsø. NOKUT fekk dermed røynsle med å gjennomføra denne typen institusjonsevaluering av store og komplekse institusjonar. Våre eigne røynsler og tilbakemeldingar frå institusjonane tyder på at evalueringane fungerer godt også i forhold til store institusjonar.

Etter at kravet om systematisk kvalitetssikring i institusjonane har vore gjeldande i to år, ser vi at dei fleste institusjonane er komne langt med å få tilfredsstillande system på plass og i funksjon. Vi ser òg at dei opne krava til kvalitetssikringssystem fører til interessante ulikskapar mellom systema frå institusjon til institusjon. Slik variasjon gjer det mogeleg å samanlikna innbyrdes, noko som sannsynlegvis vil verka positivt for det vidare utviklingsarbeidet i institusjonane. Ved institusjonar som har hatt eit velfungerande system over ei viss tid, kan evalueringane trenge djupare ned i det dokumenterte kvalitetsarbeidet, og ikkje berre vurdere sjølve oppbygginga av systemet. I aukande grad vil dette verta eit hovudmål med evalueringane.

NOKUT gjekk i 2005 gjennom gjeldande standardar og kriterium for evalueringane sine. Når det gjeld kriteria for evaluering av kvalitetssikringssystem, vart det vedteke at sjølve kriteria ikkje skal endrast i løpet av den første syklusen, dvs. før 2008. Likevel vart det vedteke nokre mindre endringar i den rettleiande teksten i kriteriumsdokumentet, og dei felleseuropeiske kriteria som vart vedtekne i Bologna-prosessen i mai 2005, vart førte inn i dokumentet. NOKUT kan ikkje sjå at dei europeiske kriteria set nokre tilleggskrav til dei som gjeld frå før, men meiner at dei kan sjåast som ei konkretisering av nokre av desse.

Fokus 2006

Evalueringssyklusen for statlege høgskoler og universitet vil i 2006 halde same framdrift som tidlegare. I tillegg reknar ein med å gjennomføre ei evaluering av 2–3 private høgskoler som søker institusjonsakkreditering.

Som resultat av ei lovendring i 2005 er no det same kravet om kvalitetssikringssystem stilt til alle private institusjonar som tilbyr høgre utdanning. I 2006 vil NOKUT legge grunnen for denne utvidinga av verksemda, som etter planen skal starte i 2007.

Akkreditering av studietilbod og institusjonar

Akkreditering av studietilbod og institusjonar vert vurdert etter at NOKUT har motteke søknad frå ein institusjon for høgre utdanning som ønskjer utvida fullmakter i høve til den statusen institusjonen har no. Den kategorien der det vart fatta flest vedtak i 2005, var akkreditering av mastergradsstudium, der 28 nye studietilbod vart akkrediterte og to søknader avslått.

Revidering av akkrediterte sjukepleieutdanningar kom i media sitt søkjelys fordi 30 av 31 bachelorutdanningar i sjukepleie fekk pålegg om å retta opp manglar før fornya akkreditering kunne finna stad.

Kort om 2005

I 2005 vart det totalt avslutta saksbehandling for 73 av 102 søknader. Tar ein også med i vurderinga at revisjonen av sjukepleieutdanninga vart gjennomført på same tid, gjev det uttrykk for ei forbetring av effektiviteten i høve til tidlegare år.

Gjennom styret sitt vedtak i samband med revideringa av sjukepleieutdanningane i november 2005 fekk universiteta i Oslo og Bergen fornya akkreditering for mastergradsutdanningane sine i sjukepleievitenskap. Diakonhjemmet Høyskole fekk fornya akkreditering for bachelorgradsstudiet i sjukepleie. Dei andre institusjonane, som til saman administrerte 30 bachelorgradar i sjukepleie då revideringa starta, fekk pålegg om å forbetra kvaliteten på studia sine på desse områda:

Innhald og struktur i studieplanen	16
Fagleg kompetanse	28
Infrastruktur	1
Kvalitetssikring	3
Samsvar med rammeplan	1

Fristen til institusjonen for etablering og forbetring av fagleg kompetanse vart etter styret sitt vedtak to år, mens den på dei andre områda vart sett til eitt år.

Diakonhjemmet Høyskole var den einaste institusjonen som vart akkreditert i 2005.

Arbeidet med revidering av NOKUT si forskrift om standardar og kriterium for akkreditering av studium og kriterium for akkreditering av norske institusjonar for høgre utdanning gjekk føre i 2005. Endringane gjaldt særleg forenkling av struktur og innhald. Kvantitative kriterium om storleiken på fagmiljøa og den akademiske profilen vart i det vesentlege vidareført, men tolkinga av "fagmiljø" vart utvida frå berre å gjelda undervisningsstillingar til å gjelda stillingar knytt til undervisning og/eller forskning knytt til studiet.

I etterkant av revideringa fekk NIFU-STEP i oppdrag å undersøkje kriterie- og metodegrunnlaget for slik revidering med vekt på sentrale omgrep som "fagleg nivå" og "dokumenterte resultat". Rapporten frå undersøkinga finst i Arbeidsnotat 1/2006 frå NIFU-STEP.

Fokus 2006

Det vil alltid vera viktig for NOKUT å utvikla betre og meir effektive prosessar. Utviklingsarbeidet vil verta konsentrert om dei faktorane som kan redusera den samla tida det tar frå ein søknad er registrert til den er sluttbehandla, og faktorar som støttar lik handsaming av søknader. Dette inneber ei spesiell merksemd rundt opplæring av sakkunnige så vel som utvikling av saksbehandlinga i NOKUT.

I denne perioden vil det verta etablert prosedyrar og verkty for systematisk å henta inn reaksjonar frå sakkunnige og institusjonar på om dei er nøgde med den prosessen dei sjølve har vore gjennom.

Det vil verta sett i verk revidering av desse studia:

- ◆ Master- og ph.d.-studium i odontologi ved universiteta i Oslo og Bergen
- ◆ Master- og ph.d.-studium i farmasi ved universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim
- ◆ Master- og ph.d.-studium i rettsvitenskap ved universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim
- ◆ Bachelorgradsstudiet i journalistikk ved Høgskolen i Volda

Revidering av sjukepleieutdanningane vil halda fram i perioden 2006–2007 etter kvart som institusjonane ber om ny og avsluttande vurdering etter styret sine vedtak 10.11.05.


Evalueringar for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning i Noreg

Evaluering av allmennlærerutdanninga i Noreg

Utdannings- og forskningsdepartementet gav i oktober 2004 NOKUT i oppdrag å evaluera allmennlærerutdanninga i Noreg. Etter utvikling av ein prosjektplan og praktisk planlegging hausten 2004 vart prosjektet starta i januar 2005. Prosjektet gjekk gjennom heile 2005 og held fram til sommaren 2006. Evalueringa omfattar 18 statlege høgskoler, ein privat høgskole og eit universitet, og byggjer på eit

omfattande dokumentasjonsgrunnlag. I første fase av evalueringa, som førte fram til ein midtvegsrapport og ein midtvegskonferanse i september, var dokumentasjonsgrunnlaget eigenvurderingar, kvantitative data, læreplanvurderingar og brukarundersøkingar. I andre fase inngår institusjonsbesøk ved alle lærestadene, ei undersøking av eksamen og sensur i nokre sentrale fag, ein internasjonal komparativ studie og ei gjennomstrømmings- og fråfallsundersøking i regi av NIFU-STEP. Det vert brukt i alt 19 eksterne sakkunnige i

prosjektet, og av desse utgjer 9 eit hovudpanel. Hovudpanelet er ansvarleg for sluttrapporten, som skal leggjast fram i september 2006. Sluttrapporten vil ha ein hovuddel med ei samla vurdering av allmennlærerutdanninga i Noreg, medan ein eigen del gjev kommentarar og vurderingar som er retta mot kvart enkelt allmennlærerprogram. Desse vurderingane vil ikkje vera direkte samanliknande eller rangerande. NOKUT vil arrangera ein konferanse i samband med at rapporten vert gjort offentleg.



Godkjenning av utanlandsk utdanning

Kort om 2005

NOKUT har registrert ein sterk auke i søknader om generell godkjenning av utdanning frå andre land, frå 151 i 1991 til 2142 registrerte søknader i 2005. Auken i talet på søknader det siste året tilsvarer 18 % i høve til 2004, og det er ingen faktorar som tilseier at denne trenden skal gå tilbake dei komande åra. I tillegg registrerte NOKUT 310 ekstra saker i samband med ei endring på GSU-lista (krav til generell studiekompetanse for søkjarar med utdanning frå utlandet), slik at den totale auken i talet på saker har vore 35 %.

Trass i den store auken i talet på saker har den gjennomsnittlege saksbehandlingstida vorte redusert med nesten ein månad.

NOKUT har fått 62 klagesaker (tilsvarer 2,5 % av søknadene). 14 av desse er sendt vidare til handsaming i Klagenemnda. Alle vedtak er haldne ved lag. 18 saker vert handsama på det første møtet i 2006.

NOKUT hadde totalt 126 verifiseringssaker i 2005, og behovet ser ut til å auka sterkt. 60 % av desse sakene kjem frå andre institusjonar. Totalt vart det oppdaga 17 forfalskingar. 5 av desse var søknader til NOKUT, og av desse er 2 meldt til politiet.

Det årlege fagseminaret til NOKUT vart arrangert i Oslo med vel 160 deltakarar. Det vart organisert som eit arbeidsseminar med tre tema: vitnemålstillegg (DS), Nasjonal database for godkjenning av høgre utdanning i

utlandet (NAG) og alternativ godkjenning for flyktningar med mangelfull dokumentasjon. Målet var å orientera om arbeidet og få tilbakemelding frå deltakarane med tanke på vidare utvikling. Ein enkel plakat om godkjenning vart trykka og distribuert i 2005, og det er halde fleire foredrag og miniseminar for sektoren og for flyktningkontor.

NOKUT var ansvarleg for å koordinera og gjennomføra ei 10-dagar lang studiereise til Pakistan og India med representantar frå dei danske og svenske søsterkontora samt Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU).

NOKUT var også med på ei 3-dagars studiereise til Marokko i samarbeid med dei danske og svenske søsterkontora for å få oppdatert informasjon om høgre utdanning i Marokko, særleg i høve til den nye utdanningsreforma.

NAG som rapporteringsmedium fungerer greitt. Det er registrert 7500 godkjenningssaker.

Internettsidene til NOKUT er forbetra og oppdatert. Landdatabasen er no tilgjengeleg på Internett og omfattar 45 land. Det er registrert over 19000 treff sidan den vart oppretta i 2004.

Samarbeidet mellom dei nordiske ENIC-/NARIC-kontora er organisert innanfor nettverket NORRIC. Nordisk ministerråd finansi-

erer eit samarbeid mellom dei nordiske landa med sikte på å realisera "Reykjavik-deklarasjonen". Den tette samarbeidsforma sikrar ei fellesnordisk forståing av godkjenningfaget. Innanfor ramma av det nordiske samarbeidet vart NOKUT evaluert av ein ekstern komité. Rapporten ligg føre og vil vera ein del av premissgrunnlaget for vidare utvikling av seksjonen.

NOKUT er representert i ELCORE, ei samarbeidsgruppe innanfor nettverka med ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av informasjon om utdanningssystem og godkjenning. ELCORE har laga ein internett-portal (www.enic-naric.net) med bl.a. kontaktinformasjon til alle ENIC- og NARIC-kontora samt godkjenningssinstansar i alle europeiske land. Det er også utvikla ei e-postliste som omfattar alle ENIC-/NARIC-kontora. Lista er eit viktig verkty for innhenting av informasjon.

Fokus i 2006

- ◆ Godkjenningssmanualen skal gjerast tilgjengeleg på nett.
- ◆ Fagseminaret vil i år fokusera på Diploma Mills og forfalskingar (delfinansiert av EU-midlar).
- ◆ Arrangera ei studiereise til Russland i samarbeid med Medisinsk fakultet (UiO) og Statens autorisasjonskontor for helsepersonell (SAFH).
- ◆ Ei samanliknande analyse av mastergrader i Storbritannia og Noreg (EU-prosjekt).



Godkjenning av fagskoleutdanning

Det er bestemt at tidlegare fagskoleutdanningar under Lov om fagskoleutdanning må søkja til NOKUT om godkjenning seinast 10. november 2006 for å kunne behalda godkjenninga, tilskot og støtterett etter lov og forskrift om fagskoleutdanning. NOKUT forventar mange søkjarar i denne kategorien i 2005 og innførte for første gong ein søknadsfrist, 15.11.05, for å effektivisere saksbehandlingen. Det kom inn søknader om godkjenning av ca. 130 utdanningstilbod som tidlegare hørde inn under lov om tekniske fagskoler. I tillegg kjem 100 søknader om godkjenning av fagskoleutdanning på andre fagområde. Søknadene var i varierende grad tydelege på kor mange utdanningstilbod det handla om i kvart enkelt tilfelle.

Det vart fatta 14 positive vedtak om godkjenning av fagskoleutdanning i 2005. 16 saker vart avslutta av di dei på eitt eller fleire område mangla dokumentasjon i samsvar med kriteria til NOKUT.

Også i 2005 satsa NOKUT først og fremst på å gjera søkjarane dyktigare, då dei har vist seg å ha ein svært varierende søkjarkompetanse.

NOKUT har inngått ein samarbeidsavtale med Sjøfartsdirektoratet. Avtalen tydeleggjer ansvaret til NOKUT og til Sjøfartsdirektoratet og skal sikra ein god kontakt. Avtalen legg vekt på rasjonelt samarbeid om kvaliteten i den sertifikatgjevande maritime utdanninga.

Fokus 2006

I tillegg til laupande vedlikehald og utvikling av rutinar for saksbehandling og søkjarverkty skal det leggjast stor vekt på å sluttbehandla søknader om godkjenning av fagskoleutdanningar som har fått ei mellombels godkjenning i samsvar med lov og forskrift om fagskoleutdanning. Dersom kapasiteten tillet det, vil opplæring av søkjarar framleis verta prioritert.



Ekstern informasjon

Kort om 2005

Internett har vore eit prioritert område i 2005. Innhaldsarkitekturen er evaluert, og spesielt på sidene for utdanning i utlandet er det gjort store endringar. Sidene er no betre tilpassa dei ulike målgruppene som søker informasjon om godkjenning av utanlandsk utdanning. Det er gjort grafiske justeringar av NOKUT sine heimesider for å gjera dei meir imøtekomande. Sentrale delar av verksemda til NOKUT er no omtala på NOKUT sine heimesider, anten det gjeld informasjon, ulike databasar og oversikter, søkjarhandbøker og søknadsskjema.

Den største mediesaken for NOKUT i 2005 var revidering av akkreditering av studietilbod innan sjukepleie. Då resultatet vart klart, og berre eitt av 31 tilbod på bachelornivå tilfredsstilte krava, fekk dette stor merksemd.

NOKUT konferansen vert meir populær frå år til år. 2005 var det første året der NOKUT måtte avvise deltakarar fordi interessa var for stor. Dette skuldast dels at konferansen vart arrangert i Oslo, der mange deltakarar bur og arbeider, og dels at deltakarane frå fagskolene for første gong hadde eigne tema på programmet.


2005 var elles prega av at NOKUT no er i full drift, også på informasjonssida. Det er etablert faste rutinar for mykje av informasjonsverksemda, slik som produksjon og oppdatering av brosjyrar, utsending av pressemeldingar og nyheitsbrev, og deltaking og innlegg på møte og konferansar.

Fokus 2006

Internett er NOKUT sin viktigaste kanal for massekommunikasjon med omverda. I 2006 skal heimesidene evaluerast for å sikra at NOKUT er på riktig veg i både oppbygging, teknisk løysing, design og innhald.

NOKUT opplever ei generelt aukande merksemd rundt verksemda, både frå utdanningsmiljøet og frå journalistar. Ein reknar med at spesielt evalueringa av allmennlærerutdanninga, som vil vera ferdig i løpet av 2006, vil vekka interesse. Det same vil oppstarten av revideringa av akkrediteringa av studietilbod i juridiske fag, odontologi og farmasi.

Det har vore stor merksemd rundt problema som studentar med utdanning frå utlandet har med å få innpass på den norske arbeidsmarknaden. NOKUT ønskjer å prioritera informasjon om godkjenningsskjemaet til norske arbeidsgjevarar i 2006.



NOKUT i internasjonalt samarbeid

Innanfor kvalitetssikring av høgre utdanning har NOKUT konsentrert sitt internasjonale engasjement til eitt nordisk og tre europeiske nettverk og organisasjonar og to bilaterale samarbeidsprosjekt med andre nasjonale kvalitetssikringsorgan. I tillegg følgjer vi med på kva som går føre seg i globale nettverk/organisasjonar, gjennom å delta på utvalde konferansar og seminar med tema av særleg interesse. Tilsette i NOKUT gir mange bidrag internasjonalt gjennom foredrag og diskusjonsinnlegg på konferansar/seminar, deltaking i felles prosjekt og arbeidsgrupper, artiklar i tidsskrift m.m. Gjennom den internasjonale deltakinga kan NOKUT spreie informasjon om høgre utdanning i Noreg og om det norske systemet for kvalitetssikring og kvalitetsarbeid i høgre utdanning, og ikkje minst fange opp nye idear for å betre metodegrunnlaget og gjennomføringa av kvalitetssikringstiltak. Sidan høgre utdanning i Noreg skal vere på høgt internasjonalt nivå, må det organet som skal evaluere og akkreditere utdanningane, ha kjennskap til kva det inneber.

NOQA, The Nordic Network for Quality Assurance Agencies in Higher Education, har berre eitt møte i året, men det er god kontakt mellom organa elles også. Leiaransvaret for nettverket og det årlege møtet går på omgang mellom dei fem medlemslanda Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige.

Kvart år samarbeider organa om eit felles prosjekt av interesse for alle. I 2004/2005 var prosjektet ein samanliknande analyse av systematisk kvalitetsarbeid på nordiske institusjonar for høgre utdanning. Kvart land, med unntak av Island, stilte med ein institusjon. Institusjonen frå Noreg var Universitetet for miljø og biovitenskap, som fekk god omtale av den eksterne internasjonale komiteen. Handelshøgskolen i København blei vurdert å ha det mest velutvikla kvalitetsarbeidet av dei fire institusjonane. Nettverket er nyttig og er relativt lite ressurskrevjande.

ENQA, European Association for Quality Assurance in Higher Education, som tidlegare var eit nettverk mellom europeiske nasjonale kvalitetssikringsorgan for høgre utdanning, blei i 2004 omforma til ein europeisk organisasjon for kvalitetssikring i høgre utdanning. Organisasjonen har no over 40 medlemmer. Styreleiaren og direktøren møter på den årlege generalforsamlinga, som i 2005 blei halde i Madrid. Utanom vanlege årsmøtesaker var det sterk fokus på resultat og tilrådingar frå Bologna-møtet i Bergen i mai, og ansvaret til ENQA for vidare oppfølging av det sykliske evalueringssystemet for kvalitetssikringsorgan og etablering av eit register over eksterne kvalitetssikringsorgan i Europa. ENQA har no eit godt grunnlag som ein samlande organisasjon for eksterne kvalitetssikring av høgre utdanning i Europa.

Direktøren for det engelske kvalitetssikringsorganet QAA, Peter Williams, blei valt til ny styreleiar etter direktør Christian Thune frå Danmarks Evalueringsinstitutt. Direktøren for Høgskoleverket i Sverige, universitetskanslar Sigbrit Franke, er no medlem av styret, som den einaste frå Norden. Samarbeidet gjennom ENQA er svært viktig for NOKUT.

ECA, European Consortium for Accreditation in Higher Education, er eit samarbeidsprosjekt for perioden 2003–2007 mellom 15 kvalitetssikringsorgan frå 11 europeiske land som alle har akkreditering som eit sentralt middel i eksterne kvalitetssikring. Målet er gjensidig godkjenning av akkrediteringsvedtak som blir gjort i dei ulike organa. NOKUT er med i prosjektstyret og i to av fire arbeidsgrupper. I 2005 blei det avvikla to arbeidsseminar i Dublin og i Wien. Tilliten og samarbeidet mellom medlemmene utviklar seg i rett lei. I 2006/2007 skal alle deltakande organ bli evaluert i høve til ECA sin Code of Good Practice. NOKUT ser på dette multilaterale prosjektet som viktig og utviklande.

NOKUT er også med i eit nettverk av sju-åtte europeiske kvalitetssikringsorgan som nyttar institusjonsevalueringar som reiskap for systematisk kvalitetssikring av høgre utdanning. Nettverket har eitt til to seminar i året. Med ein enkel og uformell organisering krev samarbeidet lite ressursar, men utbyttet er stort.

NOKUT er også med i to bilaterale samarbeidsprosjekt, eitt med det spanske organet ANECA, og med organet i Sør-Afrika, HEQC. I hovudtrekk har dei to utanlandske samarbeidspartnarane liknande system for ekstern kvalitetssikring. Prosjekta starta opp i 2003/2004 og femner om felles prosjekt, utveksling av røynsle frå verksemda og utveksling av medarbeidarar for ein viss periode. Det siste gjer at vi får djupare kunnskap om grunnlaget for arbeidet og gjennomføringa av evalueringar og akkrediteringar. NOKUT skal arrangere eit seminar for samarbeidet med ANECA med vekt på opplæring av sakkunnige, resultat i høgre utdanning og NOKUT si evaluering av institusjonanes kvalitetssikringssystem. Det er no uvisst om det blir noko seminar med HEQC i 2006, sidan orga-

net skiftar leiing. Men tema for eit seminar i Noreg er allereie vedteke. Både ANECA og HEQC har svært høg kompetanse, og NOKUT vil ha stort utbytte av eit vidare samarbeid med desse organa. Med eitt felles seminar i året og utveksling av medarbeidarar er utgiftene på eit moderat nivå.

Også innanfor godkjenning av utanlandsk utdanning har NOKUT eit omfattande internasjonalt samarbeid. I Norden er samarbeidet mellom dei nordiske ENIC-/NARIC-kontora organisert innanfor nettverket NORRIC, som får stønad frå Nordisk Ministerråd for å realisere Reykjavik-deklarasjonen. Vidare blir det gjennomført gjensidige evalueringar av kontora i Norden. I 2005 blei det danske og svenske kontoret evaluert. Utanfor Norden

er NOKUT representert i ELCORE, ei samarbeidsgruppe innanfor nettverka med ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av informasjon om utdanningssystem og godkjenning. ELCORE har utvikla ein Internett-portal med m.a. kontaktinformasjon til alle kontor og godkjenningsmyndigheiter i Europa, og ei e-postliste som betyr mykje for informasjons-henting. Tilsette innanfor området godkjenning av utanlandsk utdanning har også hatt fleire innlegg på internasjonale konferansar. I 2005 blei det gjennomført to studieturar i samarbeid med dei andre nordiske godkjenningskontora, ein til Marokko og ein til India og Pakistan. Slike studieturar er nødvendige for å kunne behandle søknader frå personar frå desse landa på ein korrekt måte.



Temaartiklar



Kandidatundersøking

– ein god metode for revidering av akkrediterte studium?

I samband med den første revideringa til NOKUT – revideringa av akkrediterte sjukepleiestudium – vart det gjennomført ei kandidatundersøking. Formålet var å gje dei sakkunnige meir informasjon i høve til kravet om å vurdere resultatane for studietilboda. Gjennom intervju av studentar og arbeidsgjevarar, statistiske data om gjennomstrøyming og eksamensresultat samt kandidatundersøkinga, ønska NOKUT å gje dei sakkunnige eit breitt bilete av resultatane for studietilboda. Spørsmålet som skal drøftast her, er om ei kandidatundersøking var eit godt metodisk grep som medverka til å dokumentere resultatane for studietilboda.

Kort om sjølve undersøkinga

Spørjeundersøkinga, som vart gjennomført av SINTEF Helse, vart distribuert til kandidatane frå 2003 og 2004 frå dei 31 studietilboda (27 institusjonar) som revideringa omfatta. Kjelda til oppdaterte adresser for kandidatane var dei som var medlem i Norsk Sykepleierforbund (NSF), og dette registeret inkluderte 81 % av kandidatane. Gjennomsnittleg svarprosent for alle studietilboda var 56 %, men svarprosenten varierte mykje, frå 36 til 72 %. Kombinasjonen av ein svarprosent på under 40 % og eit lågt tal på kandidatar frå enkelte høgskoler resulterte i at det ikkje var mogeleg å trekke sikre konklusjonar for alle studietilboda.

Kort om funna frå kandidatundersøkinga

I kandidatundersøkinga vart det blant anna sett på kor nøgde kandidatane var med studiet totalt. Her viste det seg at private høgskoler jamt over kom godt ut, medan store statlege høgskoler i byane kom dårlegare ut. Det var derimot ikkje større systematiske skilnader mellom studietilboda i høve til kor nøgde kandidatane var med praksisstudia. Det vart også stilt fleire spørsmål om relevansvurdering, kor nøgde dei hadde vore med undervisningsopplegget og bruk av forskning i undervisninga. Det var vanskeleg å sjå klare systematiske skilnader mellom studietilboda på desse spørsmåla. Det vart også stilt eit ope spørsmål om tiltak som kunne betra sjukepleiarutdanninga ved studiestaden, og nesten alle kandidatane nytta seg av høvet til å svara på dette spørsmålet.

Relevansen av funna for revideringa

I kva grad kandidatane har vore nøgde har ikkje vore direkte avgjerande for komiteane sine konklusjonar i høve til om ein institusjon tilfredsstilte krava til revideringa av akkrediteringane. Det er mykje som tyder på at kombinasjonen av låg svarprosent og små kull ved enkelte av studietilboda medførte at komiteane i avgrensa grad la vekt på kor nøgde kandidatane var i konklusjonane sine.

Kandidatundersøkinga medvirka likevel til å gje dei sakkunnige ei større og meir heilskapleg forståing av studietilboda, også i høve til NOKUT sine standardar og kriterium. Resultata frå kandidatundersøkinga er historiske i den forstand at dei seier noko om korleis tidlige studentar såg på ulike tilhøve under studietida si. Likevel reiste undersøkinga enkelte problemstillingar som dei sakkunnige ønska å undersøke nærare under institusjonsbesøket. Det er på det reine at kandidatundersøkinga ved enkelte institusjonar avdekkja utfordringar og viste styrker som var samanfallande med andre funn i den faglege vurderinga. I ei evaluering av metodane og prosessane til NOKUT var dei sakkunnige heilt eller delvis samde i at kor nøgde kandidatane var, var ein god indikator på kvalitet i utdanninga, og over 80 % var heilt samd eller samd i at det hadde vorte stilt relevante spørsmål i undersøkinga. Kandidatundersøkinga medverka såleis til å gje dei sakkunnige eit større grunnlag for å vurdere resultatane for utdanninga.

Ein god metode?

Det mest kritiske ankepunktet mot kandidatundersøkinga i NOKUT si første revidering var kor påliteleg ho var. Små uteksaminerte kull ved enkelte av høgskolene, kombinert med ein låg svarprosent, gjorde at det ikkje var mogeleg å dra sikre konklusjonar frå undersøkinga ved fleire av lærestadene. Sidan alle institusjonar skal handterast likt ved ei revidering, vart det derfor lagt avgrensa vekt på resultatane frå undersøkinga. Eit kritisk moment for å få ei undersøking som i høg nok grad er påliteleg, er kor gode adressedata ein har på uteksaminerte kandidatar, då det er grunn til å forvente at denne gruppa er i ei etableringsfase når undersøkinga vert gjennomført. Ein må òg sørgje for at det vert sett

av nok tid og ressursar til undersøkinga, slik at ein kan setja i verk dei naudsynte tiltaka for å auka svarprosenten ved dei studiestadene der han er for låg.

Å gjennomføra ei kandidatundersøking er kostnadskrevjande, og i den første revideringa til NOKUT stod dette for 15 % av budsjettet. Val av metode må derfor også sjåast i lys av dei kostnadmessige konsekvensane metodane har. Det finst òg andre metodar for å registrere kor nøgde kandidatane er, for eksempel djupintervju av mindre grupper av kandidatar eller kvantitative undersøkingar av attraktiviteten til kandidatane. Slike metodar bør vurderast som alternativ til ei kandidatundersøking i komande revideringar.

Til tross for dei svake sidene og utfordringane med kandidatundersøkinga kan ein likevel konkludere med at kandidatundersøkinga fekk fram nyttig og relevant informasjon om studietilbodet for dei sakkunnige i revideringa. På denne måten medverka kandidatundersøkinga til å utdjupe biletet av dei resultatane som kan dokumenterast for studietilboda.

♦ *Stig Arne Skjerven, rådgjevar i seksjon for akkreditering i NOKUT og prosjektleiar for revideringa av akkrediterte sjukepleiestudium*



Etablering av ein felles kvalitetsstandard i fagskolesektoren

Fagskolelova er ei kvalitetssikringslov med NOKUT som garantist for kvalitet.

Kriteria til NOKUT skal etablere ein verksam kvalitetsstandard for fagskolene. Det vert kravd godkjenning frå NOKUT for å få lån og stipend i Lånekassa. Arbeidar tilbydarene for å forankre kvalitet, eller vert kriteria til NOKUT berre brukte for å sikre studentane lån og stipend?

Kvalitetskrav i fagskolesektoren

Lov om fagskoleutdanning har som formål å etablere eit system for offentleg godkjenning av fagskoleutdanningar, og medverke til at studentane får tilfredsstillande vilkår. I innstillinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen til lov om fagskoleutdanning (Inst.O.nr.78 2002–2003) heiter det at: "Departementet ønsker med loven å gjøre fagskoleutdanningene til en formalisert og selvstendig del av utdanningssystemet på nivået over videregående opplæring og ved siden av universiteter og høyskoler."

NOKUT godkjenner utdanningstilbud, men godkjenner ikkje institusjonar på fagskolenivå.

Prosedyrane for godkjenning byggjer på same metodikk som godkjenning av utdanningstilbud innan høgre utdanning, men kriteria er tilpassa formålet i fagskolelova. Fagskolene skal ha sterkare fokus på yrkesrelevansen av utdanningstilboda og samarbeidet med samfunns- og næringslivet. Tilbydaren skal godtgjera kva kompetanse og arbeidsoppgåver studentane vil vera kvalifiserte til etter fullført utdanning. Omtale av sluttkompetansen står sentralt i vurderinga av om eit tilbod skal verte godkjent eller ikkje. Tilbydaren må òg gjere greie for mogeleg innpassing i annan tertiær utdanning.

Utdanningstilbud, marknad og kvalitet

NOKUT har motteke ca. 280 søknader om godkjenning av ca. 400 utdanningstilbud. Av desse er ca. 100 desentraliserte. Tilbydarene av fagskoleutdanning, er staten, fylkeskommunane, private skolegrupper eller konsern, aksjeselskap og stiftingar av ulik storleik.

Utdanningstilboda i fagskolesektoren vert etablert ut frå eit behov i arbeidsmarknaden og skal vera omstillingsdyktige. Tilbydarene måler ofte kvalitet i talet på søkjarar, kor nøgde studentane er og om krava til offentlig tilskot og studentane sin rett til lån og stipend frå Statens Lånekasse er innfridd. Kvalitetssystem som kan dokumentera sterke sider og potensial for forbetring, er i ulik grad prioritert eller satt i verk.

Dokumentasjon av kvalitet er òg heilt sentralt i samband med dei uttalte ønska til tilbydarene og studentane om mogeleg innfasing i høgre utdanning. Stortingsproposisjon nr. 1 (2005–2006) s. 129 opnar for dette: "Det kan gjevast avkorting i studietid ved vidareutdanning på universitet eller høgskole på grunnlag av fagskoleutdanning når ein student kan dokumentere å ha kompetanse jamgod med deler av fagtilboda. Universiteta og høgskolane må vurdere korleis dette kan gjerast, slik at søkjarane veit om dei vil få fritak eller kan gjennomføre eit kortare studieløp."

Røynsler på veg mot ein felles kvalitetsstandard

Dette året har vi fått auka innsikt i mangfaldet som finst i fagskolesektoren og dei ulike tilbydarene sine ståstader og utfordringar.

Den store mengda søkjarar har samanheng med at lånekasseforskrifta er endra slik at all utdanning som får støtte, må ha ei godkjenning heimla i ei utdanningslov før haustsemesteret 2007. Om studentane kan få lån i lånekassa, er heilt avgjerande for mange av tilbydarene. Søknadane gjeld både etablerte utdanningstilbud og nyetableringar.

Søklarhandboka innfører ein felles terminologi og kvalitetstankegang for fagskolene etter modell frå utdanningssystemet elles. Behovet for rettleiing har vore mykje større enn NOKUT hadde rekna med, og vi har halde informasjonsmøte og konferansar med grupperingar av tilbydare, og hatt møte med mange enkelttilbydare. Ufullstendige søknader har ført til fleire rundar med tilbydarene for å innhente dokumentasjon på ein del sentrale område, som studieadministrative og juridiske forhold som skal sikra rettane til studentane, planar for utdanningstilboda og dokumentasjon av kvalitetssystem.

Kunstscolene har samarbeida som gruppe, samstundes som dei enkelte tilbydarene har verna det som kjenneteiknar og gjev konkurransefortrinn for nettopp deira utdanningstilbud. Andre tilbydare, særleg i små fagmiljø, ønsker ikkje å samarbeide av frykt for å utlevere egne konkurransefortrinn til ein konkurrent. NOKUT er positiv til samarbeid, fordi det har vist seg å gje betre søknader. Det ligg òg ein rasjonaliseringsgevinst i å handsame tilnærma like utdanningstilbud samla. No er for eksempel 80 sakkunnige i ferd med å gjennomgå ca. 125 tilbud om teknisk utdanning.

Basert på røynslene frå saksbehandlingsarbeidet og dialogen med tilbydarene reviderer NOKUT den noverande søklarhandboka med særskild blick på å gjera oppsettet for søkjarane og krava til dokumentasjon tydelege.

Dersom NOKUT og tilbydarene lukkast i arbeidet med å etablere ein verksam standard for kvalitetsnivået i fagskolesektoren basert på same metodikk som for høgskoler og universitet, har ein for første gong eit heilskapeleg system for å sikra kvalitetsnivået i tertiær utdanningssektor.

◆ *Rune Molvær, rådgjevar i seksjon for akkreditering*



Ein grad er ein grad ein grad?!



Overskrifta inneheld ein påstand og eit spørsmål som begge er aktuelle når det gjeld godkjenning av høgre utdanning i utlandet. NOKUT si haldning til begge er den same: nei, ikkje alltid.

Spørsmålet er om ei slik haldning er i samsvar med

1. intensjonane i og pliktane som følgjer av Lisboa-konvensjonen som Noreg ratifiserte i 1999
2. universitetslova
3. tilrådingar som måtte følgje av eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk harmonisert med det overbyggjande kvalifikasjonsrammeverket slik det er definert under Bologna-prosessen

Konvensjonen pålegg oss å godkjenna høgre utdanning frå utlandet med mindre det kan påvisast store skilnader. Universitetslova er harmonisert med konvensjonen. Bologna-prosessen uttrykkjer viljen til utdanningsministrane til godkjenning basert på Lisboa-konvensjonen, det overbyggjande kvalifikasjonsrammeverket og gjensidig tillit. ENIC-/NARIC-kontora har fått ei sentral rolle her. Kan NOKUT som forvaltningsorgan og norsk ENIC-/NARIC-representant likevel avslå generell godkjenning av ein utanlandsk grad frå ein godkjent gradsgivande institusjon? NOKUT meiner at svaret er "ja"!

La oss ta eit døme med utgangspunkt i vedlagde diplom for ein bachelorgrad frå Open University i Storbritannia. Dette er ein gradsgivande institusjon i eit land som har ratifisert Lisboa-konvensjonen og er deltakar i Bologna-prosessen. Stort sterkare rettsvern for ein grad er det vanskeleg å få.

Diplomet viser tydeleg at utdanninga ikkje er teke ved Open University: "A validated programme at Berufsakademie Baden-Württemberg, Germany, University of Cooperative Education, taught and assessed in German". Studieprogrammet er dermed både utvikla og undervist ved Berufsakademie Baden-Württemberg. Open University har gjennom valideringsordninga si leigd ut bruken av bachelorgraden sin til Berufsakademie Baden-Württemberg og gått med på å gje den til dei studentane som fullfører dette spesielle studieprogrammet. Då må vel alt vera i orden? Det kunne det ha vore, sett bort frå ein liten ting: Berufsakademie Baden-Württemberg er ikkje akkreditert eller på annan måte godkjent som ein institusjon for høgre utdanning i Tyskland. På denne bakgrunnen vil NOKUT avslå ei generell godkjenning av denne britiske bachelorgraden.

Heimelen for det finn vi i §5-1 (3) i "Forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning etter lov om universiteter og høyskoler". Der står det: "Ved generell godkjenning av utenlandsk utdanning skal NOKUT påse at utdanningen det søkes godkjenning for, er akkreditert eller offentlig godkjent som høyere utdanning i det aktuelle land."

At det her har vore meint landet der utdanninga faktisk er gjeven, går enda tydelegare fram av departementet sine merknader til dei enkelte paragrafane. Der står det: "Dersom en utdanning ikke er akkreditert eller offentlig godkjent som høyere utdanning i utdanningslandet selv, bør det heller ikke gis slik godkjenning i Norge."

Det må vel også kunne kallast ein "stor skilnad" i tydinga av konvensjonen når Berufsakademie Baden-Württemberg etter tysk lov ikkje er ein institusjon for høgre utdanning.

Eksempelet over reiser ei rekkje interessante problemstillingar:

- ◆ Krav til inntening ved lærestader kan gje seg kreative utslag som "utleige" av grader og studiepoeng til kurs som kanskje ikkje burde reknast som akademiske.
- ◆ Kan ein grad verta evaluert berre ut frå plasseringa i eit nasjonalt eller overnasjonalt rammeverk for kvalifikasjonar?
- ◆ Er vi bundne av andre land sine godkjenningar? Skal ikkje godkjenningar skje i ein nasjonal kontekst?
- ◆ Kan utdanning i utlandet godkjennast automatisk?

Det vil framleis vera behov for den spisskompetansen på godkjenningsområdet som er opparbeidd hos ENIC-/NARIC-kontora. Behovet for godkjent akkreditering eller annan form for godkjent kvalitetssikring av lærestader eller studieprogram aukar. Ein implikasjon her er at akkreditørar/kvalitetssikrar òg må akkrediterast/kvalitetssikrast.

- ◆ *Rolf Lofstad, seniorrådgjevar i seksjon for utanlandsk utdanning*



Systemevalueringar i institusjonane: midtvegs – og alt vel?

Korleis går det med NOKUT sine evalueringar av kvalitetssikringssystema i institusjonane, no som vi er godt og vel halvvegs i den første syklusen med alle akkrediterte universitet og høyskolar? Svaret må vel vere at det går ganske bra. Det bygger eg dels på dei tilbagemeldingane vi får frå institusjonane og våre sakkunnige, og dels på dei resultatane som evalueringane har gitt.

Ved utgangen av 2005 var 25 evalueringar sluttførte med styrevedtak, og av desse var det berre 3 som ikkje enda med godkjent resultat. Det er eit lågt tal i høve til dei strenge krava som vart innførte i 2003, samstundes som kvalitetsreforma også gav institusjonane ei mengd andre krevjande utfordringar å bale med. Det høyrer og med at alle dei tre "ikkje godkjend" vart gjort om til "godkjend" ved ny evaluering eit halvt år seinare. Det har i det heile ikkje vore snakk om å vende tomelen ned for utilfredsstillande system. Når ein ikkje oppnådde godkjenning, var hovudinnvendinga alltid at system og kvalitetsarbeid ikkje var godt nok implementert og forankra i institusjonen. Evalueringane kom med andre ord i nokre tilfelle i tidlegaste laget for institusjonane.

På denne bakgrunnen kan ein difor trekke ein første konklusjon: Lovkravet om systematisk kvalitetsarbeid i sjølvstyrande institusjonar – og NOKUT si rolle med å følgje opp dette arbeidet – har hatt ein tydeleg effekt. Institusjonane har verkeleg tatt oppgåva på alvor. Samstundes uttrykker dei at arbeidet med systembygging har ført til auka fokus på kvalitet, og at evalueringane til NOKUT ikkje berre har vore riset bak spegelen, men også ført til nyttige og lærerike prosessar. Slik er det "store biletet", sjølv om det og har vore tilfelle av kritikk og reservasjon. Det er eit bra grunnlag for vidare arbeid.

Og mykje står enno att. Når det gjeld å nå dei verkelege måla, å vurdere om og korleis systema skaper prosessar som sikrar og utviklar utdanningskvaliteten, er vi knapt halvvegs. Dei fleste institusjonane har brukt tid før dei fekk systemet sitt i gang. Difor har vi enno ikkje sett eit system som fullt ut har dokumentert kvalitetsarbeid i samsvar med uttrykte intensjonar for eit heilt år. I denne tidlege fasen har godkjenning til ein viss grad vore

basert på den tilliten som godt utført systemutvikling har skapt til at implementering og dokumentasjon vil følgje. Men i 2006, to år etter at dei nye krava skulle vere møtte, ventar vi at institusjonane kan dokumentere bruk, resultat og analysar frå kvalitetsarbeidet.

Når det gjeld mål og metodar i evalueringane, vil ein sjå at fokus flytter seg gradvis. Når dei interne systema er produktive nok, vil dei eksterne evalueringane bli retta meir mot det faktiske kvalitetsarbeidet som blir utført, og det vil verte vurdert kva nytte institusjonen gjer seg av den informasjonen som systemet gjev. På sikt vert nok dette den viktigaste funksjonen, for eit system i seg sjølv er jo berre ein reiskap, og det gjev lite mening å evaluere det om att fleire gonger med sikte på godkjenning, når det alt er godkjent frå før!

Kva kan ein så seie om kvaliteten på dei kvalitetssystema som hittil er evaluerte? Her skal vi vere varsame med å trekke bastante konklusjonar, for NOKUT har til no ikkje hatt kapasitet til å gjere systematiske analysar av funna. Dette håper vi vil betre seg i 2006, når vi får på plass ei særskilt analysegruppe. Men hovudintrykket er positivt. Vi ser mellom anna at mange institusjonar forankrar systemet gjennom grundige interne utviklingsprosessar. Dette fører og til interessante variasjonar mellom systema, som på sikt gjev gode føresetnader for at institusjonane kan lære av kvarandre.

Mellom alt det positive er det grunn til å peike på eit par farar som lurar i systemlogikken. Om ein stirer seg blind på sjølve systemet, kan ein kome til å gløyme at det er dei ein-skilde utdanningstilboda som skal kvalitetssikrast og utviklast. Stundom ser vi at systemet fungerer med mange fine ordningar på høgare plan i institusjonen, men utan at den basisinformasjonen som ein bygger på, er fullgodt forankra i sjølve utdanningstilboda. Det er då ein fare for at tiltaka kan bli lite målretta og utan effekt. Ein annan fare har nær samanheng med dette, og med kven i institusjonen som "eig" systemet. Sidan eit kvalitetssystem heilt opplagt (også) er ein reiskap for leiarskap og styring, kan det lett bli slik at leiarar og administrasjon vert systemeigarar, og at fagmiljøa blir skvisa mellom leiarane og

studentane sin aktive bruk av systemet. Men ein har knapt noko godt fungerande system dersom fagmiljøa ikkje er sentrale aktørar og premissleverandørar i kvalitetsarbeidet. Her ligg kan hende den største utfordringa.

Institusjonane er sjølvstyrande og sjølve ansvarlege for utdanningskvaliteten. I siste instans er det difor det interne kvalitetsarbeidet som tel, ikkje NOKUT sine evalueringar. Rett nok har NOKUT ein viktig kontrollfunksjon på vegner av samfunnet, men helst vil vi gjennom desse evalueringane vere ein utviklingskatalysator i konstruktive møte med institusjonane, der spørsmålet om godkjenning eller ikkje er eit tilbaketog stadium. Når vi er komne så langt, vert dei eksterne evalueringane det dei ideelt sett bør vere: særskilte "storhendingar" i institusjonen sitt eige løpande kvalitetsarbeid.

◆ *Jon Haakstad, avdelingsdirektør i seksjon for kvalitetssystem*







Kronprinsens gate 9
Postboks 1708 Vika
0121 Oslo

Telefon: 21 02 18 00
Telefaks: 21 02 18 01
postmottak@nokut.no
www.nokut.no